

## **Søknad om stønad frå Næringsfondet i Lindås og Austrheim**

Me ønskjer å søke om stønad frå næringsfondet til vår bedrift, Alver Dyreklinikk, som me starta opp 29.august 2014.

Klinikken består av Torunn Keilegavlen, f. 01.03.1981, veterinær, og Therese Bakke, f. 02.04.1984, dyrepleiar. Dyreklinikken ligg på Alverflaten i Alversund. Torunn Keilegavlen er utdanna veterinær ved Norges Veterinærhøgskole og Therese er utdanna dyrepleiar i Danmark. Me har begge vore tilsett og medeigarar ved ein større klinik og har fleire år med erfaring frå drift- og klinikkarbeid. Therese har og erfaring som butikksjef frå detaljhandel.

Etter fleire år med eit ønskje om å skape vår eigen arbeidsplass i kommunen gjekk draumen vår i oppfylling. I tillegg til å skape vår eigen arbeidsplass og gjere den til ein så god stad som mogeleg å arbeide for oss, så ønskjer me og ein bedrift som er inkluderande.

Me ønskjer å ta inn arbeidsskuleelevar, praksiselevar og personar som ønskjer å kome tilbake i arbeidslivet. Dette er noko me ser at fleire og fleire bedriftar har sluttat med, noko me synes er svært uheldig.

Andre ting me ønskjer/har planar om å gjere for å trekke til oss fleire kundar er:

- Utvide laboratorie-tenestene
- Tilby røntgenester
- Kurs for hunde- og katteeigarar
- Gratis kvalpetreff, der kvalpane kan sosialisere seg på klinikken, medan hundeeigarane kan få lære litt om stell og pleie av hunden.
- Open Dag. Me hadde ein ved opning av klinikken der det var innom over 100 menneske, men ønskjer å ha fleire slike arrangement
- Køyre ut til Fedje der me kan kastrere hannkattar og vaksinere hundar og kattar.
- Heimebesøk. Ikkje alle synes det er like enkelt å kome innom klinikken anten pga eiga helse, mangel på framkomstmiddel eller dersom dei ønskjer avliving av kjæledyret sitt utført i kjente omgjevnader.

Før me opna klinikken 14.september bygde me om lokala ein del for dei best mogeleg til å drive ein dyreklinikk.

Det er mange utgifter knytt opp mot etableringa og oppstarten av klinikken og me håpar det er mogeleg å få stønad slik at me kan kjøpe inn noko av det utstyret som me treng for og kunne tilby sjuke hundar og kattar ei optimal behandling.

| Utstyr                         | Beløp        |
|--------------------------------|--------------|
| Hematologimaskin (blodanalyse) | 101.490,- kr |
| Ultralydscanner                | 129.527,- kr |

Me ønskjer å søkje om stønad til kjøp av hematologimaskin (blodanalyse)

### Erfaring og marknadsvurdering:

Me har gjort oss erfaring med at det er eit behov for og kunne analysere blodprøve på klinikken. I mange tilfeller er det livsviktig å få raskt svar på blodprøven slik at ein kan sette i gong med korrekt behandling. Per dags dato må me sende blodprøvane til eit laboratorium i Oslo og får svar 1-3 dagar seinare.

Ved å ha blodanalyse og nytt røntgenapparat vil det gje oss mogelegheita til og kunne stille ein raskare diagnose og kome raskare i gong med behandling når me får inn sjuke dyr.

Kjæledyr har fått ein høgare status dei siste åra og me merkar at hunde- og katteeigarar er villege til å gjere meir for dyra sine no enn for nokre år sidan. Ikkje minst krev dei ei betre behandling.

Me er ein liten klinikk samanlikna med dei store dyresjukehusa som har etablert seg i byane og me meiner det er desto viktigare å ta vare på dei små, personlege klinikkane ute i distrikta slik at dyreeigarane ikkje skal ha så langt å reise for og gje dyra veterinærhjelp.

Me kjem aldri til og kunne tilby dei same tenestene som desse sjukehusa då dei har meir utstyr og spesialistar tilgjengeleg på klinikkane.

Det er heller ikkje vårt ønskje og kunne tilby «alt» det er difor me henviser pasientane våre i dei tilfella der det krevst ei meir avansert behandling eller utredning.

Desto viktigare er det for oss og kunne gje ei heilskapleg behandling i dei grunnleggjande tenestene som me kan tilby ved vår klinik.

På grunn av dette er det viktig for oss å ha blodanalyse, og me håpar de kan hjelpe oss å nå målet vårt.